



På badestranda var det 12 som slikka sol under det som kanskje var ein Indian Summer. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Du har kanskje høyrte om Indian Summer, det vil seia ein ekstra, stutt sommar etter den eigentlege sommaren? Han kom kanskje sundag og heldt fram måndag! Midt på dagen steig kvikksylvsøyla til 30 grader på Neset, men det var med god hjelp av sola!

Varslet for Bergen var 25 grader i skyggen og kanskje vart det til verkelegheit både i byen og i Uskedalen!

Uskedalingane var i hvert fall ikkje seine om å utnytte indianersumaren, klokka 12 var det 12 som slikka sol på den "offisielle" badestranda vår. Men dei venta visst litt med badinga....

Kva seier så ekspertane om Indian Summer? I Nord-Amerika, som uttrykket naturleg nok kjem ifrå, er det ein periode med klart, varmt ver som førekjem om hausten, mest i oktober. I Sverige og Finland blir slike periodar kalla Brittsommar, etter St. Birgittas dag som er 7. oktober.

Skal ein tolka dette heilt bokstaveleg kan det altså henda at det tross alt enno er for tidleg for den verkelege Indian Summer, men at han vil koma seinare. Lat oss berre håpa.

I hvert fall tyder mykje på at denne tidlege Indian Summer er over allereie tirsdag!

Av Ola Matti Mathisen